



LUNDS
UNIVERSITET

Språk- och litteraturcentrum
Nordiska språk

HØYRINGSSVAR

1

Lund, 23. februar 2011

Rettskrivingsnemnda for nynorsk
Språkrådet

Kommentarar til framlegget til ny nynorsk rettskriving

Eg har sett gjennom forslaget til ny rettskriving for nynorsk, og når eg nå finn det for godt å komma med noen kommentarar er det først og fremst som nynorskbrukar frå dei områda der nynorsken står svakt, nærmare bestemt frå austlandske flatbygder og skogsbygder.

Når språkbrukarar frå desse områda vel å skrive nynorsk, noe som hender iblant, er det oftast, vil eg tru, fordi ein opplever at nynorsken stemmer betre overeins med eins eiga språkkjensle enn bokmålet gjer. Så er spørsmålet kva det er meir konkret i nynorsken som ein austlending kan kjenne seg att i. Ei mulegheit er at det er det meir overordna i språkbruken, i uttrykksmåte og setningsbygning. Dette er likevel ikkje ei særskilt sannsynleg forklaring, for sjølv om nynorsken tradisjonelt ligg relativt nær talemålet i idiomatikk og syntaks, så er det fullt muleg å oppnå dette også i bokmål, og her har ein etter kvart mange gode forbilde.

Ser ein på enkelte ordformer, så er det heller ikkje her klart at det er nynorsk som vinn. For ein som i sitt talemål har former som *je*, *itte* og *viku* er det ikkje opplagt at avstanden til nynorskstandarden er kortare enn avstanden til bokmålsstandarden. Andre former, som *bru* og *heit*, er gangbare i begge målformene, sjølv om ein ikkje (lenger) ser dei så ofte i bokmål, og *vi brukte å springe klokka sju* er like godt bokmål som *vi pleide å løpe klokken syv*. Visse former, som *namn* og *fleire*, finn ein berre i nynorsk, men *hamn*, derimot, kan brukast når ein skriv bokmål. Så vidt eg kan sjå kan heller ikkje ordformene aleine vera det som avgjer valet til fordel for nynorsk.

Går ein så til bøyingsystemet, så har nynorsken, sett frå det sentrale Austlandet, fleire trekk som er framande for talemålet. Det gjeld blant anna fleirtal på *-ar* og presens av sterke verb utan ending. Dessutan er nynorsken si inndeling av svake verb i *a*-verb og *e*-verb snarare forvirrande om ein har eit talemål der endingsvokalane er fordelte etter jamvektsregelen: *å masa – masar – masa – masa* men *å hoppe – hopper – hoppe – hoppe*. Og endinga *-a* i bestemt eintal av hokjønnsord og i bestemt fleirtal av inkjekjønnsord

(*jenta, husa*) gir som kjent bokmålsnormalen rom for like vel som nynorsk-normalen.

Derimot finst det ei form i nynorsk som aukar nynorsken si tiltrekkingskraft betrakteleg, nemleg partisipp på *-i* av sterke verb. At ein på nynorsk kan skrive *skrivvi, kommi og funni* kan opplevast som veldig befriande, særleg fordi den opplevde avstanden til dei obligatoriske bokmålsformene på *-et* (*skrevet, kommet, funnet*) ofte er lengre enn til mange andre bokmålsformer.

Ein annan del av formverket som har vorti ein del diskutert i samband med det nye framlegget er kløyvd infinitiv, som tilliks med partisipp på *-i* er karakteristisk for store delar av Austlandet. Eg ser likevel ikkje at kløyvd infinitiv har den same høge symbolverdien som partsipp på *-i*. Eg trur derfor det er uheldig om ein tar bort *i*-formene frå normalen. Det vil seia, det er uheldig om ein har ambisjonar om å rekruttere nynorskbrukarar frå det sentrale Austlandet.

Her er det på sin plass å sjå på nemnda sitt mandat, der det står følgjande i punkt 3:

Norma skal vera slik at nynorsken framleis kan appellera til språkbrukarar over heile landet og gir rom for former som er i allmenn bruk blant breie grupper av nynorskbrukarar.

I denne formuleringa ligg det ein konflikt. Å appellere til språkbrukarar over heile landet stiller andre krav til nynorsknorma enn å gi rom for former som er i allmenn bruk blant breie grupper av nynorskbrukarar. Det første må innebera at ein òg gir plass for former som står sterkt der nynorsken er svak, men om ein satsar på det andre så kan ein sjå bort frå desse. Nemnda har valt å prioritere det andre, noe som blir tydeleg når dei skriv i si vurdering at "[m]ykje av det naturlege området for *-i* ligg i område som ikkje har nynorsk som hovudmål". Ein kan sjå dette som eit realistisk forsøk på å konsolidere nynorsken i kjerneområda, men samtidig kan ein ikkje sjå bort frå at ein dermed òg markerer at talarar frå dei delane av landet der nynorsken står svakt ikkje behøver og ikkje skal forvente å kjenne seg heime i nynorsken på same vis som talarar frå dei nynorske kjerneområda. At dette er den retninga forslaget går i blir det sagt heilt eksplisitt i forordet:

Målet om å sikre ei norm for heile landet, ikkje berre for dei nynorske kjerneområda, tilseier at vi burde halde på mange av tilnæringsformene, sjølv om dei er mindre brukte i skriftleg nynorsk. Nemnda har i fleire høve likevel gjort eit anna val, nemleg å vere atterhalden med å gi dei status som jamstilte former i den offisielle rettskrivinga, for å demme opp for praksisen til mange offentlege etatar og læremiddelprodusentar med å velje dei mest bokmålsnære formene.

Som austlending synest eg dette er trist, og som støttespelar for det nynorske skriftspråket er eg redd for at det er feil veg å gå.

Avslutningsvis skal eg ta opp ei side ved framlegget som er meir gledeleg sett frå min synsvinkel. Det gjeld lydverket meir generelt, der mye av valfriheita blir ståande, og i visse fall til og med utvida. Dei fleste ord med *y* og *ø* får valfri skrivemåte, slik at former som *søster* og *søsken* blir likestilte med *syster* og *sysken*, og ein kan framleis velja mellom *fyrst* og *først*, *åleine* og *aleine*, *no* og *nå* – for å ta noen eksempel som gjeld vokalane. På konsonantsida blir det fritt val mellom palatal og ikkje-palatal form i mange ord, som i *bygge/byggje*, og det kjem òg inn nye former utan *j*, som *bølge* og *ønske*. Rett nok må *mye* vike for eit einerådande *mykje*, *noe* for *noko*, og ein må slutte å *kjøre*, men dette skulle det vera muleg å leva med for alle som vil bruke nynorsk. Alt i alt har ein her vist ei større openheit overfor dei store befolkningsgruppene som i dag ikkje bruker nynorsk, noe som eg trur nynorsken kjem til å vinna på.

Helsing

Marit Julien
professor i nordiske språk, Lunds universitet